

Orientering til deg som søker om parkeringsløyve for rørslehemma

Du vert oppmoda til å lese denne sida før utfylling av søknaden.

Parkeringsløyve er meint som hjelpemiddel for personar som på grunn av vesentleg nedsett forflytnings-evne har eit særleg behov for parkeringslette på eitt eller fleire konkrete stader. For at parkeringsløyve skal gjevast, er det ikkje tilstrekkeleg å påvise ein sjukdomstilstand som avgrensar forflytningsevna. I tillegg krevst det at det ordinære parkeringstilbodet ikkje er tilstrekkeleg til å dekke søkaren sitt behov. Parkeringsløyvet er ikkje meint som ei økonomisk støtteordning til dømes i samband med fri passering i bomringen. Problem med å bære vert i liten grad vektlagt.

Legeerklæring

Legeerklæringa skal vere godt utfylt med opplysningar om din medisinske situasjon, diagnose samt kor mange meter du er i stand til å gå med og utan hjelpemiddel og om du nyttar krykker, stokk, rullator eller rullestol. Erklæringa dannar det medisinske grunnlaget for vurderinga.

Din søknad

Det er i sjølve søknaden du må få fram opplysningar som tilseier at du har eit særleg behov for parkeringslette. Det vil seie at du må beskrive kvifor det ordinære parkeringstilbodet på stadene du ofte besøker ikkje kan nyttast. I søknadsskjemaet er det tatt med ulike forhold vi ønskjer svar på. Det anbefalast at du fyller det ut nøye, slik at vi får eit godt bilde av ditt behov, samt at vi ikkje brukar unødig lang tid på handsaming av søknaden.

Tenk godt over

- Kvar er det du har problem med å parkere og kor ofte er du her? (stadnamn/gatenamn)
- Kvifor er det vanskeleg å parkere her? - Kva slags parkeringsplassar finst det her?
- Kva er det som gjer at du ikkje kan nytte dei ordinære plassane her?
- Korleis vil eit parkeringsløyve konkret hjelpe deg på desse bestemte stadene?
- Er du ofte til behandling, opptrening eller hos lege så høyr om du kan få dokumentasjon på dette.

Søker du som passasjer?

Rørslehemma som ikkje køyrer sjølv, skal som hovudregel køyrast til reisemålet og følgjast inn. Deretter skal bilfører flytte bilen til ordinær parkeringsplass. **Det er ikkje naudsynt med parkeringsløyve for å gjere dette.** Difor vert parkeringsløyve tildelt når den som er passasjer ikkje kan forlatast åleine (for eksempel på venterommet) mens bilen vert flytta. Dette må gå fram av legeerklæringa og søknaden.

Vedlegg

Passfoto av deg sjølv og kopi av førarkort dersom du søker som førar av bil (kopi av begge sider av førarkortet). Førarar over 75 år må syte for å legge ved kopi av gyldig førarkort som er fornya av Statens Vegvesen etter framlegg av helseattest.



Søknad om parkeringsløyve for rørslehemma

jf. Samferdselsdepartementet si forskrift 01.01.2017

Personaliala:

Etter-/fornamn

Adresse:

Telefon- / mobil nr:

Post nr./stad

Pers.nr. (11 siffer)

Søknaden gjeld:

Er du sjåfør eller passasjer:

- Sjåfør (kopi av førarkort må leggest ved)
 Passasjer

Viss passasjer, kan du som passasjer nytt av/på stigning på staden?

- Ja
 Nei Viss nei, kvifor

Har du hatt løyve tidlegare?

- Ja Viss ja, oppgi utløpsdato (gyldig til):
 Nei

Gir du Sunnfjord kommune v/ service løyve til å innhente ytterlegare opplysningar frå lege/behandlar vedkomande din søknad?

- Ja
 Nei

Er du tildelt TT-kort?

- Ja
 Nei

Kvifor har du særleg behov for parkeringslette (legg ev. ved eige ark):

Stader og/eller situasjonar kor du har særleg behov for parkeringsløyve (jf. forskrifta § 2):

Adresse bustad:

Adresse arbeid:

Andre aktivitetar:

Stad:

Dato:

Underskrift: